



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Att: Geir Fredhjem

Dykkar ref

Vår ref (oppkje ved svar)
13/12339

Dato
28.10.2013

Endringar i plan- og bygningslova - høyringsuttale

Gloppen kommune viser til forslag til endringar i plan- og bygningslova som er sendt ut på høyring. Vår merknad gjeld varsla endring i **§12-4 femte ledd**

Gloppen kommune ønskjer at gjennomføringsfristen blir fjerna heilt, eller at det blir opp til kommunane etter eige skjønn å fastlegge ein høveleg gjennomføringsfrist. I kommunar som vår med relativt lite utbyggingspress, vil til dømes utbygging av eit bustadfelt, anten det er privat eller kommunalt, som regel vere eit langsiktig prosjekt. Vi vil trekke fram to konkrete døme frå vår kommune:


1. Austrheim bustadfelt er eit sentrumsnært og etter vår målestokk attraktivt bustadfelt med 11 tomter regulert i 2003. Nest siste tomt er under utbygging nå. Siste tomta er ikkje seld enda.
2. Eikenes bustadfelt ligg utpå bygda med 5 tomter regulert i 2000. 3 tomter er ledige i 2013.

Desse to sakene trur vi illustrerer situasjonen i ei rekkje norske kommunar. Dei to bustadfelta er opparbeidde og planane er ikkje mindre relevante sjølv om det har gått mange år. Det er svært viktig for mindre kommunar som kanskje slit med å oppretthalde folketalet at det ikkje er unødige hindringar for at folk skal etablere seg. Tidsfristen på private planar er vi redd vil fungere som ei slik hindring. Vi er også redd den vil fungere som eit ytterlegare press for å få kommunen til å ta ansvar for detaljregulering, sidan risikoen i private utbyggingar blir endå større og det ikkje er gjennomføringsfrist på kommunale detaljplanar. I tillegg meiner vi planstatus for eigedomar som ligg innafor planområde der gjennomføringsfristen er gått ut blir uklår.

Med helsing


Kristine Dahl

Leiar for samfunnsutvikling,
tilrettelegging og forvaltning


Bjørn Aurlien
avdelingsingeniør
tlf. 979 91 054